



SOGN OG FJORDANE
FONDET

SKIPINGSDOKUMENT

FOR

Sogn og Fjordane Fondet AS

Den 2016 blei det halde skipingsmøte for Sogn og Fjordane Fondet AS.

Til stades som skipar var:

Sparebanken Sogn og Fjordane, org.nr.v/.....etter fullmakt

Sogn og Fjordane fylkeskommune, org.nr.v/.....etter fullmakt

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS org.nr.v/.....etter fullmakt

Dessutan var følgjande til stades :

Som møteleiar vart vald :

Til å underteikne møteprotokollen saman med møteleiar vart vald:

Som vedtekter blei protokollert:

§ 1 Namn på selskapet

Selskapet sitt namn er Sogn og Fjordane Fondet AS.

§ 2 Føremål

Føremålet til selskapet er eigenkapital-investering i bedrifter i Sogn og Fjordane med hovudvekt på bedrifter under skiping og/ eller i ein tidlig utviklingsfase. Selskapet skal stimulere og styrke framvekst av idear frå forskning, næringsliv og gründerar gjennom tilførsel av tidlegfasekapital og kompetanse til oppstartsbedrifter i Sogn og Fjordane.

Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkastning for eigarane.

§ 3 Forretningskontor

Selskapet sitt forretningskontor er i Sogndal kommune.

§ 4 Selskapet sin aksjekapital

Aksjekapitalen er NOK 240.000,- fordelt på 240 aksjar à NOK 1.000,- fullt innbetalt og lydande på namn.

§ 5 Leiing

Styret består av 3 til 7 medlemmer etter nærare avgjerd i generalforsamlinga.



SOGN OG FJORDANE
FONDET

Selskapet blir teikna av styret sin leiar og dagleg leiar i fellesskap, eller ein av desse og eit styremedlem.

Alle investeringar som er i tråd med selskapet sitt føremål skal ha $\frac{3}{4}$ fleirtal i styret for å vere gyldig.

Styret kan meddele prokura.

Selskapet skal ha ein dagleg leiar.

§ 6 Generalforsamlinga

På ordinær generalforsamling skal følgjande handsamast:

- 1. Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding, her medrekna utdeling av utbytte.*
- 2. Andre saker som etter lova eller vedtektene høyrer inn under generalforsamlinga.*

§ 7 Registrering av aksjeeigarar

Aksjeeigarar skal registrerast i aksjeeigarboka

§ 8 Aksjelova

Elles vert det vist til ei kvar tid gjeldande aksjelov.

* * * * *

Aksjar med pålydande NOK 1.000 skal teiknast til kurs NOK 25.000,- for kvar aksje.

Aksjeteikning skjer ved underteikning av dette dokument.

Skiparane skal ha rett til å få skipingskostnaden dekkja av selskapet:

Gebyr Brønnøysund, Brønnøysundregistra, 8910 Brønnøysund	kr. 5.570,-
Honorar skiping, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane, 6856 Sogndal	kr. 2.000,-
<u>Bistand protokoll m.v. PWC, Parkvegen 5, 6856 Sogndal</u>	<u>kr. 3.000,-</u>
Sum stiftelsesomkostningar	kr. 10.570,-

Skipingsomkostningane skal dekkast av betalt overkurs på aksjane frå aksjonærane.

Aksjeteikning: Det blei deretter teikna følgjande aksjar:

Sparebanken Sogn og Fjordane teiknar seg for 72 aksjar à NOK 1.000 til kurs NOK 25.000,- pr aksje, totalt NOK 1.800.000,-

Sparebanken Sogn og Fjordane
v/ e.f.

Kunnskapsparken Sogn og Fjordane AS teiknar seg for 48 aksjar à NOK 1.000 til kurs NOK 25.000,- pr aksje, totalt NOK 1.200.000,-

Kunnskapsparken Sogn og Fjordane AS
v/ e.f.



SOGN OG FJORDANE
FONDET

Sogn og Fjordane fylkeskommune

teiknar seg for 120 aksjar à NOK 1.000 til kurs NOK
25.000,- pr aksje, totalt NOK 3.000.000,-

Sogn og Fjordane fylkeskommune
v/ e.f.

Med dette så var heile aksjekapitalen teikna og selskapet skipa i samsvar med dei protokollerte vedtekter nemnde ovanfor. Generalforsamlinga vedtok vidare at aksjekapitalen kan disponerast av styret før registrering i Brønnøysund er gjort. Aksjekapitalen skal i sin heilheit vera innbetalast seinast 30 dagar etter signering av skipingsdokument.

Som styre for Sogn og Fjordane Fondet AS vart desse valde :

Styreleiar :.....

Styremedlem :.....

Styremedlem :.....

Styremedlem :.....

Styremedlem :.....

Varamedlem :.....

Dagleg leiar i selskapet skal vere

PWC vart vald til revisor i selskapet.

Tildeling av styrefullmakt til å vedta kapitalauke ved nytegning av aksjar

Generalforsamlinga ynskjer at styret skal få høve til å styrke eigenkapitalen i selskapet ved behov og å ta opp nye aksjonærar i selskapet.

Generalforsamlingen vedtok på dette grunnlag å tildele følgjande styrefullmakt om kapitalauke ved tegning av aksjar:

- a) Aksjekapitalen skal i alt kunne aukast med inntil 50% av aksjekapitalen, max NOK 120.000,-. Fullmakten kan nyttast fleire gonger innan den gitte ramma.



SOGN OG FJORDANE
FONDET

- b) Styrefullmakten skal gjelde til 30.06.2018.
- c) Aksjeeigarane sin fortrinnsrett skal kunne fråvikast.
- d) Styrefullmakta omfattar ikkje kapitalauke mot innskudd i andre eimedelar enn pengar eller rett til å pådra selskapet særlege plikter etter asl. § 10-2.
- e) Styrefullmakten omfattar ikkje vedtak om fusjon etter asl. § 13-5.

Generalforsamlinga sitt vedtak om styrefullmakt skal utan opphald meldast til Foretaksregisteret. Styret kan ikkje gjøre bruk av fullmakten før den er registrert.

Leikanger/Sogndal/Førde ,2016
